



VANG BYGGJER VANG

Halvårsrapport Innovangsjon SA
1. halvår 2023



Oppsummering

Eit varirert og nokså innhaldsrikt fyrste halvår for Innonvangsjon. Med blant anna fleire nye samarbeidsprosjekt og mange spennande henvendinger å følgje opp. Det er ingen tvil om at Vang har peikt seg ut som ein god plass å bu og flytte til, og dette halvåret har me hatt fleire konkrete henvendinger frå folk som er nysgjerrige på livet i Vang, og korleis ein kan realisere draumen her. Det tek vi med oss som ein god drive inn i neste halvår. Vi kjem til å halde på fokuset om at attraktive bustader både til sals og til leie, er utruleg viktig om vi skal lykkast med å øke og beholde folketallet i Vang. Litt for ofte mistar vi engasjerte folk som oppriktig vil hit, fordi dei ikkje finn egna bustad, eller det ikkje finst nokon i det heile tatt.

På prosjektsida har vi vore involvert i fleire spennande prossessar. Blant anna besøkssenter i Jotunheimen nasjonalpark vest, der Innonvangsjon har vore med i prosjektgruppa, søknadsskriving og ulike møtesamanhenger. Vinmonopol til Vang har vore eit fokusområde, og dette avgjøres i utgangen av 2023. Vi har byrja eit særers spennande prosjekt saman med Vang kommune, om lærlinger i Vang og korleis ein kan sikre seg arbeidskraft i framtida. Og i slutten av fyrste halvår i 2023 startet vi opp eit prosjektet; stedsutvikling i kommunesenteret, saman med Vang kommune.

Tilstedeværelse, samtaler og oppfølging av næringslivet har vore viktig dette halvåret. Samfunnet er i endring og omstilling har vore eit viktig nøkkelord for mange av bedriftene. Med renteøkning, usikkerhet i økonomi og planar som blir skrinlagt, er det viktig å ta seg tid til å følge opp dei som ønskjer det.

Heimesida vår er ein takknemleg jobb å fylle med stoff. I Vang går det sjeldant ei veke utan at nokon tipser oss om spennande ting på gang, eller med spørsmål om vi kan komme og bleste ei hending. Det er med andre ord ikkje stillstand i Vang, og det er artig for oss som jobber med bygdeutvikling. Folk som er engasjert og vil få til ting, det er gøy å jobbe med!

Prosjektet med å synliggjøre alle lag og foreningar nærmar seg fort slutten og alle sakene som er skrevet skal lande i eit eige magasin, som etter planen skal legges ved både i velkomstpakken og havne i postkassa til alle som bur i Vang. Med godt driv og mange spennande både prosjekt og henvendinger er Innonvangsjon sine to ansatte klare for å gripe fatt på siste halvår av 2023.



Organisering

Kort utgreiing om bemanning og oppgåver 1. halvår 2023.

Innovangsjonsminister (100 %)

Ida Nordlad Hillestad har vore i full drift heile perioden. Ho arbeidar med den daglege drifta av nettsidene vangivaldres.no og facebookside «Vang», samt har hovudansvar for arbeidsområda møteplassar, bustad og blest. Ved sidan av skrivejobbar for ulike lokale magasin, har ho også ein viktig kanal ut mot den yngre garden av befolkninga i Vang, som ho aktivt jobbar for å nå ut til kvar einaste dag. I tillegg kjem eit felles ansvar for begge i Innovangsjon med å følgje opp og ta godt imot tilflyttarar, tilbakeflyttarar og innbyggjarar i Vang.

Næringsutviklar & dagleg leiar (100 %)

Næringsutviklar Dag Inge Bruflot har vore i full drift heile perioden. Dag Inge brukar så godt som all tid på næringsutvikling i bygda og er tilgjengeleg for næringslivet i Vang 24-7. Også i fyrste halvdel av 2023 har arbeidsoppgåver vore retta mot busetting, bærekraftig samfunnsutvikling og ulike prosjekt. Ved sidan av ein-til-ein-oppfølging av bedrifter og enkeltpersonforetak jobbar han mot verkemiddelapparatet og beslutningstakarar der det er naudsynt og deltek på regionale samlingar. Han har ansvaret for næringsfrukostane og andre næringsretta arrangement, samt at han er i dialog med alle som skal stille søknad til næringsfondet.

Styret

Joachim Hjermann Dahl (styreleiar), Anders Hermunstad, Anniken Olimb Myhre, Helge Bjørneseth, Anna Szalaj, Ingeborg Lunde, Lise Lajord Munk satt i styret. Odd Ivar Kirkeengen og Frank Tindvik var vararepresentanter.

Det vart gjort endringar i styret på styremøte 29. juni 2023, då valkomiteen la fram si innstilling til nytt styre. Ingeborg Lunde går ut av styret. Inn kjem Mari Eline Nylund.



Næring

Hovudsaker 1. halvår 2023:

Nok et halvår med høyt trykk på etterspørsel etter arbeidskraft. Totalt er det ca. 70 annonser på våre sider Vangivaldres.no etter rundt 80 stillinger totalt, av ulik størrelse. Med så høgt antall stillinger på markedet er det naturlig at fokuset på rekruttering til bedrifter og offentlige sektor blir intensivert. Et arbeid som vi i Innovangsjon er tett på sammen med Vang kommune og lokale bedrifter. Dette er et pågående fokus og arbeid fra vår side, og vil bli strukturert ved eget konsept framover.

Flaskehalsen for rekruttering er attraktive boenheter. Forutsetter at aktuelle ansatte, tilbakeflyttere og tilflyttere har en attraktiv arbeidsgiver og sosialt nettverk.

De samme hovedtrekkene som vi hadde med oss fra 2022 har også vært gjeldene i første halvår i 2023. De viktigste kulepunktene her er.

- Konjunktorene var mot oss, som alle andre bedrifter, lokalsamfunn, byer og land
- Investeringer satt på vent, utsatt eller forkastet.
- Tungt og vanskelig drift i enkelte bransjer og bedrifter.
- Usikkerhet i forhold til kostnadsnivå
- Renteøkninger
- Andre bransjer og bedrifter har hatt god omsetning og stødig drift.
- Omstilling er fortsatt høyaktuelt og vil være det i lang tid framover.
- Strømstøtteordningen var etterlengtet og positivt signal. Denne gav positiv forutsigbarhet for næringslivet.
- Nye kriterier for tilskudd fra «bærekraftig samfunnsutvikling» treffer godt for bedrifter som vil investere. Spesielt innen energiøkonomisering - ENØK tiltak. Her er det flere initiativ på gang, og ordningen bør videreføres.

Tilstedeværelse, samtaler og oppfølging har vært viktig i denne perioden. Ikke nødvendigvis samlinger for flere, men individuelle oppfølging. I perioden har vi arrangert en næringsfrukost, en næringskveld hvor vi orienterte om nye ordninger og kriteriene for næringstilskudd «bærekraftig samfunnsutvikling». En temadag (teknologidag bygg).

Vi har deltatt i regionale utviklingsområder innefor ommstilling med Omstillingsprogrammer Nord- Aurdal, Valdres Næringshage, regionalt ENØK kompetanse og bransjesamarbeid for omstilling med E-verk og banker i Valdres.

Gjennom halvåret har vi deltatt med følgende bedrifter og initiativ i kronologisk rekkefølge. Mange av disse har vært pågående arbeid gjennom hele perioden, og vil fortsette videre framover. Andre har vært engangsoppfølging.



Awad taxi
Miljøfyrtårn - promotering - internkontrollmanualer
SKV
Naturbasert reiseliv & aktiviteter
Designdrevet Innovasjon og drift -
Tone Log & Viktoria - sentrumsaktivitet - møtepl, kultur, serv
Boligfeltene - visninger
Rein Fra Jotunheimen, prosjektoppfølgning
Hellekve, næringsareale
Ryfoss Treningssenter, salg & kjøp
Snekkerverksted Øye
Saras Mat
ENØK, ordningen og regionalt team
Klimakultur
Kulturminnefondet & Eikra i Høre
Strategisamlinger ulike bedrifter og egne
Floke - Hyttefloke
Lærlingemiljø, forarbeider, pilot, kartlegging og enkel prosjektbeskrivelse, input
Dialog og koordineringsmøter Vang kommune, (evaluering)
Forberedelse for egen evaluering
2 styremøter + generalsforsamling
Ny kalenderløsning nettsider
En nettverkssamling - Næring & bygdeutvikling i distriktskategori 5-6 - eget
nettverk
Anne Marte og Tv2?
Artic Dome Valdres, Øye oppdateringer og videreutvikling
Næringsfrukost
Elevbedrift VBU idelab
Kriterier næringstilskudd
Vang utvikling, innholdsside hytter, oppstart,
Halvårsrapport og presentasjoner
Visningsrunder for mulige tilflyttere
Kartlegging ledige boenheter
Fjellbeite, del av prosjekt
I3Element, Tveitabru og ulike mulige tiltak
Øye Bygg & Bo, Byggern Øye
Besøksenter Jotunheimen nasjonalpart Vest
Dialog og innledende møter med miljødirektoratet
Mingling besøkende vinterferie og påske
Egen «pressemelding»
Næringsareal, mulig kjøper / leietakere
Hydr. Sprenging - luftsprenging, etablering
Vang Brønnboring
Vang Tannlegekontor
Teknologidagen Valdres, SKV, Skisse, plan og innhold
Byggin Høyfieldshotell, ulike tiltak
JVB
Tyin Parkering
Kongevegen over Filefjell



*Vinmonopol til Vang, prosjektledelse og ny søknad
Evaluering hyttemesse, m Vang utvikling
Superlærling, intro og presentasjon
Lake House Tyin
Romslo Mekaniske
Stedsutvikling i kommunesentra, prospekt og søknad
Tilleggsnæring på gard, og ny drift på gard
Stølsturisme, aktivitet og opplevelse (Kvien og Målnes)
Ny boligutvikler Føsselie
Løken Gard, Nasjonalt senter for fjellandbruk
Klima og miljønettverk, Finanssektor og E-verk
Oppfølging studenter, Master og Bacheloroppgaver
Filefjellsdagene*



Bu i Vang

Hovudsaker 1. halvår 2023:

Bustader, leige: Etterspørselen etter bustad til leige har vore større dette halvåret. Innovangsjon har fått fleire henvendinger frå både einslige, par og småbarnsfamilier som ønskjer å flytte til Vang, men som ikkje finn plass å bu. Dei som ikkje har tilknytning til Vang frå før vil naturleg nok prøvebu ei periode, før dei tek steget og kjøper. Difor er leigemarkedet ein viktig faktor nettopp for at folk skal få teste livet i Vang, og utan denne moglegheiten mister ein potensielt mange folk til bygda vår. Totalt fire bustader ute på leigemarkedet dette halvåret.

Bustader, sal: Vinterhalvåret er sjeldent høysesong for å selje bustader, men dette halvåret har det vore heile fem objekt ute til sal, som alle har blitt kapra rimelig fort. I tillegg har byggfirmaet Hykon Utvikling tatt initiativ i Føsselie og lagt ut prospekt på ein tomannsbustad - der ein er reservert, og ein einebustad. Innovangsjon har hatt god dialog med Hykon, og vi gler oss til å følgje utviklinga i prosjektet vidare.

Bustader, tomter: God dialog med dei ulike tomteutviklarane som stadig når nye mål i sine felt. Klukkargrende er i gong med å byggje og fleire er på tur opp. Krøssvøllhaugadn siktar seg inn på eit nytt trinn med ti nye tomtar, og vil i gong med grovplanering i løpet av 2023. Fjellheim har vore litt på vent grunna vatn og avløp, men har ni tomtar til sals når dette er på plass. I Føsselie har det spraket litt i, og nokre tomter vart seld etter at kommunen rabatterte tomteprisen, det er kjekt å sjå! Vi heier på dette vedtaket og håpar at det bidreg til økt attraktivitet og aktivitet i Føsselie fremove

Fritidsbustad/hytter: Dette går sin gang utan at vi gjer så mykje, eller er veldig involvert. Vi har ei enkel men komplett oversikt over alle tomteområde på vangivaldres.no. Elles er finn.no kanalen for å omsetje fritidsbustad i Vang. For sal av ferdige hytter let vi finn.no ta seg av dette.



Blest om Vang

Hovudsaker 1. halvår 2023:

Riksmedia: Lite publisitet fra større medier om Vang dette halvåret.

Lokale meider: Godt samarbeid og dialog med Avisa Valdres og Oppland Arbeiderblad. Når vi synes vi har ekstra gode saker på lager sender vi gjerne avgårde til lokalavisene, og ser at dei tek i mot med opne armar - det set vi pris på.

Heimeside: På vangivaldres.no er fokuset på å lage godt og bredt redaksjonelt innhold, med særlig fokus på de unge. Det siste halvåret har også mykje av innholdet på nettsida vore presentasjonar av lag og foreningar, i samarbeid med Marte v/ Vang Frivilligsentral, dette nærmar seg no slutten. I vinter gjekk me også i gang med å utvikle ei landingsside saman med næringslivet, men som tidlegare nevnt er denne fortsatt under utarbeidelse og ikkje ferdig designet endå. Me har og to funksjonar på heimesida vår som er mykje i bruk, både kalender og foreningsportal er ofte besøkt i løpet av ei veke - naturleg nok. Det er kjekt å sjå at dette er nyttig for folk i bygda, og at det kan vere eit oppslagsverk for dei som ønskjer å delta på ulike aktivitetar/ arrangement i Vang.

Sosiale medier: Facebooksida til Vang er flittig brukt og er fortsatt den aller viktigaste kanalen me har for å nå ut til folket. Generelt i samfunnet er det rift om likes og engasjement, og ein ser at det må jobbes litt meir for å tiltrekke seg oppmerksomheit til ulike poster. Det gjør at vi er mer selektive på det som legges ut, slik at det som postes - er i god kvalitet. Jevnt over godt med engasjement på det publiseres, både arbeid, boliger og saker. Følgerskaren vår vokser stadig. Instagram er ein anna type kanal, som blir meir personleg og ofte når ut til eit litt anna publikum. Likevel har vi fokus på at profilen skal speile bygda, folkene og gi inntrykk av kva som skjer i Vang, og ikkje at det skal være ein glansprofil med kun skiløyper og solnedganger bak fjell. Vi opplever stort engasjement ved publisering og [#vangivaldres](https://www.instagram.com/vangivaldres) er flittig brukt året rundt - det er positivt og artig å sjå!

Arrangement: Vi arrangerte ein Fredaskos i Høre i midten av mars, i samarbeid med dyktige karer i Høre mannskor og Tørstad&Co. Det vart ein særdeles triveleg kveld, med quiz, song frå mannskoret, god mat frå Sara´s kafe, dansing på gulvet og mykje artig prating. Å arrangere i lag med andre merkar me oss som svært givande, og noko me vil prøve å få til meir av på fremtidige Fredagskos-arrangement.

I midten av juni arrangerte me også næringskveld på Mjøsvang Kafé, med fokus på ENØK tiltak, ulike tilskudd, strukturert felles blesting av Vang og lærlingprosjektet. Som alltid ein fin og triveleg arena for næringslivet å møtes og kaste ball om ulike temaer / problemstillinger.

Ein viktig del av å jobbe i Innovangsjon er også å oppmuntre til/ støtte og bleste ulike initiativ og arrangmenet i bygda, noko det har vore mykje av det siste året - og det er bra!



Prosjekter siste halvår: Hovudsaker 1. halvår 2023

Lærlingprosjektet: Saman med Joanke Tito og Yvonne Mæland har Innovangsjon danna ei prosjektgruppe som vil jobbe med å styrke lærlingmiljøet i Vang, og på sikt få flere kompetente yrkesaktive personer i befolkningen som bidrar til eit levande lokalsamfunn i Vang i framtida. Saman med næringslivet ønskjer vi å ha som mål, at Vang skal vere førstevalget for lærlingar til å utdanne seg som fagarbeidar.

Stedsutvikling i kommunesenteret: Rett før sommaren opna det seg ein moglegheit til å søke midler hos Innlandet fylkeskommune for å øke attraktiviteten i sentrum - stedsutvikling i kommunesenteret. I samarbeid med Vang kommune søkte vi og fikk tildelt 250.000 til ein moglegheitsstudie for bruk av eksisterande bygg; Klokkehaugen og området rundt, med prosjektledelse og relaterte aktiviteter. *Formålet er å skape en solid og attraktiv møteplass og naturlig tilholdssted i sentrum for barn, voksne, innbyggere, besøkende, arbeidende og tilreisende.*

Landingside/ felles blest av Vang: Etter at fleire frå næringslivet var på hyttemesse i vinter, vokste det fram eit ønskje om å få til ein større, breiare og meir langsiktig blesting av Vang, der Innovangsjon kan vera motoren. Første steg i denne prosessen var å danne ei prosjektgruppe saman med ulike representantar frå næringslivet, samt utvikle ei landingside på vangivaldres.no. Prosjektet er heilt i startfasen og vegen og strukturen vidare skal spikres i løpet av neste halvår.

Elevbedrifter: både besøk på 1724 med omvisning, innblikk i Innovangsjon sitt arbeid og pitcher fra ulike bedrifter i næringslivet. I tillegg er me årleg på VBU for å halde foredrag i markedsføring og sosiale medier, samt eit foredrag i pitch. Me intervjuer også alltid alle elevbedrifter og blester dei på våre eigne sider, både for at dei skal få følelsen av å snakke med media om bedriften sin, men også for at dei skal få oppmerksomhet rundt produktene sine.

Velg Valdres: Eit prosjekt i regi av Valdres Natur - og Kulturpark. Rett før påske lanserte dei ein felles plattform for alle kommunene i Valdres, med informasjon om alle kommuner, jobbmoglegheiter, boligmarked, nyheiter og kalenderoversikt. Dette som eit forsøk på å viske ut litt av kommunegrensene, og se Valdres som ein felles region, der vi alle kan dra lasset sammen. Det ene slår ikke i hjel det andre, og vi synes dette er et fint initiativ for alle kommunene i Valdres. Ettersom Innovangsjon nå er å anse som veteraner innen bygdeutvikling, har vi vært delaktige med innspill og inspirasjon fra starten av prosjektet.

Inkluderende frivillighet: Innovangsjon har fortsatt ei viktig rolle i prosjektet saman med Vang Frivilligsentral. Foreningsportal, utarbeidelse av magasin og ny kalenderløsning er blant det nye dette halvåret.

Valdresboka: I samarbeid med Valdres Natur - og Kulturpark har me vore delaktige med å skrive nokre av tekstane i ei bok som skal utgis hausten 2023.